



Statens vegvesen

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering L/2	
- 5. 10. 2012	
Ark. saknr. 2011/2431	Løpenr.:
Saknr. 10FT	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2011/187391-008

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.09.2012

Innsending til 2. gongs handsaming - Eikanger Næringsområde i Lindås kommune

Vi viser til Dykkar oversending av 17.09.12 der De ber om ei ny vurdering av rekkjefølgjekravet om bygging av gang- og sykkelveg mellom Eikangervåg og Eikanger Næringsområde som del av utbygginga av næringsområdet.

Slik vi tolkar notatet frå OPUS, som er utarbeidd som del av kommentarar til Statens vegvesen sine merknader, er det berre rekkjefølgjekravet om bygging av gang- og sykkelvegen som del av utbygginga av Eikanger Næringsområde det er usemje om. Vi har ikkje oppfatta at det er usemje om at gang- og sykkelvegen vert regulert som del av reguleringsplanen. Rekkjefølgjekrava om opparbeiding av kanalisert T-kryss med E39 og etablering av busslommer før det kan gjevast bruksløyve samt planfri kryssing mellom busslommene er innarbeidd i reguleringsføresegnene i samsvar med våre krav.

Bakgrunnen for vårt krav om opparbeiding av gang- og sykkelvegen var først og fremst for å sikre mjuke trafikantar frå nærområdet som enten arbeider innanfor næringsområdet eller på annan måte oppsøker området m.a. for å nytte seg av forretningar eler anna form for tenesteyting som vil verte etablert i næringsområdet.

Vi har ikkje fokusert så sterkt på tilbod til syklistar og andre mjuke trafikantar som kjem lenger vekk frå som Knarvik eller Ostereidet.

Statens vegvesen har vurdert innspelet frå Lindås kommune. Vi finn ikkje å kunne akseptere at det ikkje vert sett noko form for rekkjefølgjekrav om utbygging av gang- og sykkelveg i samband med utbygging av dette store næringsområdet.

Vi kan moderere på kravet og akseptere at rekkjefølgjekravet vert utforma slik at begge delområda KBA1 og KBA2 kan byggast ut før gang- og sykkelvegen er opparbeidd og teken i bruk.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen